

SPELMANNEN HARALD HALTVIK

– ein tradisjonsberar frå gamle Tingvoll sørland

Av Helge Husby



EIN SPELMANN - FRÅ EI TID SOM VAR

Eg har alltid hatt stor sans for menneske som har levd eit langt liv, og som sitt inne med mykje livserfaring som dei deler med oss som er yngre. Slik var det med Harald Haltvik frå Haltvikan ved Angvika på gamle Tingvoll sørland. Harald var fødd 26. mars 1889, og som han uttrykte det sjølv: «E e jamgammel med nå Hitler». Han var spelmann av den gamle sorten, som voks opp med fela som «in»-instrument nr. 1 – til trekkspilet kom for fullt.

Vi var unge, spelmannskamerat Tor Erik Jenstad og eg, da far min fortalte om Harald Haltvik. «Han må de besøkje», meinte far. Harald var ein av dei mange gamle spelmennene som eg var så heldig å oppleve. Mange av dei kunne spele slått etter slått, og fortelle at *den* er etter Hallvard Ørsal, *den* er etter Eppingen, og denne her er ein ekte Grova-slått! Somme gongar vakna eg om natta og tenkte: Enn om desse gamle spelmennene dør, og eg ikkje får tak i slåttane, så dei går i grava med desse gamle tradisjonsberarane?



Harald på handletur i Angvika, med buhunden Nora bak på lastekassen på motorsykkelen. Da han leverte handlelappen frå hushalderska, var kommentaren: «Her he du ressæft'n».

kalla Gammel-Halsin. Dette er den einaste av slåttane til Harald som går i rein moll. Det er ein sørgmodig slått som skal vere etter han Gammel-Ola Halsen frå Todalen, som fekk lagnaden å bli blind.

Når vi ser på det alderdommelege spelet, må vi òg sjå det ut frå tida og miljøet han levde i. Han fortalte at han var på nøytralitetsvakt under 1. verdskrigen, der han var stasjonert på Støren, der han stod på post ved ei bru. «E sto ei vekkå å passa på så dem ikkje gjord brun nåkkå», fortalte han. Her syner han ei alderdommeleg dialekt, og han fortel om ei oppleving frå først på det århundret som er omme.

Harald hadde ein buhund som heitte Nora. Denne hunden var med bakpå trehjuls motorsykkelen hans. Han hadde lært henne eit triks, å gjespe på kommando. «No må du syn gutå ka du gjer når du e trøytt». Og Nora gjespa og vreid seg med tilhøyrande lydar. Elles la Harald til at «ho e fer lænn, det e fer lite ater ti 'na».